

---

Saksnr: 2020/75569-2  
Saksbehandlar: Kristin Arnestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020

## Rullering av Melding om kystskogbruket

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til ei rullering av Melding om Kystskogbruket.
2. Det blir sett av inntil kr. 250 000 til arbeidet med rullering av Melding om Kystskogbruket og finansiering av arbeidet med Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram i Kystskogbruket i siste halvdel av 2021. Tilskotet vert dekket med midlar avsett under distrikts- og lokalsamfunnsutvikling i innovasjon og næring sitt budsjett for 2020
3. Arbeidet vert følgt opp gjennom politisk og administrativ deltaking i Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram for Kystskogbruket.

Samandrag

Fylkeskommunane i Kystskogsamarbeidet er blitt bedt om å slutte seg til ei rullering av Melding om Kystskogbruket 2015, samt bidra med finansiering av arbeidet. Meldinga er eit felles strategidokument for fylka.

Fylkesdirektøren meiner samarbeidet bidreg til å nå resultat innan område som fylka ikkje ville nådd om dei står aleine. Meldinga og oppfølgingsarbeidet vil kunne bidra til å nå klimamål, løyse ut potensiale som ligg i skogressursane og auke verdiskapinga i næringa. Arbeidet er også viktig sett i lys av dei nye oppgåvene innan landbruksområde som fylkeskommunane har fått etter regionreforma.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef natursressurs,  
landbruk og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Søknad - Rullering av melding om kystskogbruket
- 2 Prosjektbeskriving - Rullering av melding om kystskogbruket
- 3 Brev frå Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram (FOP)

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

### Kort om Kystskogbruket

Kystskogbruket er ei samarbeidsform og arbeidsmetodikk, der skog- og trenæringa i kystfylka jobbar aktivt saman med fylkespolitisk - og administrativt nivå, med støtte frå faginstansen på landbruksnæring hjå Fylkesmannen. Alle kystfylka frå Finnmark i nord til Agder i sør er med i Kystskogbruket. Målet til Kystskogbruket er å firedoble verdiskapinga gjennom at potensialet i skogbruket langs kysten blir realisert innan 2040.

Kystskogbruket jobbar innan tre område: politikk, næring og forvaltning. Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har tatt del i, og støtta Kystskogbruket økonomisk i mange år. Erlend Haugen Herstad er Vestland sin representant i Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram. I tillegg møter fylkeskommunen med administrativ representant, og fylkesmannen deltek i fylkesmannsgruppa. Skognæringsforum Vestland er medlem i Skognæringa Kyst.

Meir informasjon om Kystskogbruket her: <https://kystskogbruket.no/>

### Om Kystskogmeldinga og korleis den har blitt følgt opp

Kystskogbruksmeldinga er det felles strategidokumentet for medlemsfylka, og meldinga er politisk handsama i fylka. Den første meldinga blei vedteken i 2008 og den blei rullert i 2015. Inneverande prosjektperiode går ut 2020. Utgangspunktet for eit felles strategidokument var at den nasjonale skogpolitikken ikkje syntest å virke så godt for skogbruket vesta- og nordafjells, og ein ville sjå på kvifor, og kva som kunne gjerast for at skognæringa også skulle utvikle seg positivt i kystfylka.

Det fylkeskommunale oppfølgingsarbeidet blir leia av ei politisk styringsgruppe med representantar frå alle kystfylka. Oppfølgingsarbeidet blir mellom anna gjort gjennom oppfølging av fleire større prosjekt, og politisk arbeid.

Hovudmåla for meldinga frå 2015 blei lagt på same nivå som for SKOG22, nasjonal strategi for den skogbaserte verdikjeda:

- Verdiskapinga i Kystskogbruket skal firedoblast fram til 2045
- Kystskogen sitt karbonlager skal aukast, og trevirke skal i aukande grad erstatte mindre klimavennlege material og energikjelder
- Arbeidet med oppfølging av Kystskogmeldinga er organisert gjennom to program:
  - Oppfølgingsprogram Skognæringa Kyst - for dei tiltaka som skognæringa sjølv har ansvar for
  - Felles fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram (FOP) - for skogpolitiske tiltak som fylkeskommunane har ansvar for

Det er for inneverande periode inngått ein samarbeidsavtale mellom FOP og Skognæringa Kyst om sekretariat og oppfølgingsarbeid.

Styringsgruppa for det felles fylkeskommunale oppfølgingsprogrammet (FOP) rår no til at meldinga blir rullert på nytt. Dette blir støtta av både Skognæringa Kyst og av fylkesmannsgruppa i kystskogfylka. FOP har peika på at synleggjering av klima som innsatsområde, gjennomgang av hovudmål, delmål og strategiar med mål om tydelegare budskap og prioriteringar og ei tydelegare ansvarsdeling er nokon av temaa som vil vere sentralt i rulleringa. FOP har også drøfta at rulleringa kan gjerast mindre omfattande enn sist (2015).

### Plan for rullering av meldinga

Aktivitet	Formål	Ansvar	Tidsrom	Budsjett
Lage gjennomføringsplan, og forberede aktiviteter	Sikre god gjennomføring	Prosjektgruppe		
Fylkesvise workshops i treparts samarbeidet	Identifisere hva som skal til, og som må utredes for å utvikle Kystskogbruket	Fylkeskommune, Skognæringa og Fylkesmannen		
Oppsummering av innspill i workshopene	Samordning og tydeliggjøring	Prosjektgruppe		
Beskrive utredningsoppgaver	Faglig god dokumentasjon	Prosjektgruppe		
Fagutredninger	Faglig god dokumentasjon	FoU-institusjoner		
Utforme rulleringstekst	Strategi for videre satsing i Kystskogbruket	Prosjektgruppe		
Behandle politisk i hver fylkeskommune	Strategi/budsjett for videre satsing i Kystskogbruket	Fylkesordfører		

## Budsjett og finansieringsplan

### Kostnader

Sekretariat	425 000
Evaluering	300 000
Kunnskapsgrunnlag	250 000
Møtekostnader rullering	100 000
Reisekostnader rullering	100 000
Kjøp av skrive tjenester, trykking m.m.	200 000
Fylkesvise prosesser i regi av skognæringsforum	175 000
<u>Lønn og drift av FOP 2. halvår 2021</u>	<u>500 000</u>
<u>Sum</u>	<u>2 050 000</u>

Drift av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram er finansiert til litt ut i første halvår 2021. Kr. 500 000 i kostnadsplanen er sett av til å dekke drift av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram ut 2021. Vidare finansiering etter det må ein ta stilling til når rullering av Kystskogmeldinga er gjort.

### Finansiering

Bevilgning fra fylkeskommunene 7 x kr 250	1 750 000
<u>Andel fra Kystskogmidlene</u>	<u>300 000</u>
<u>Sum</u>	<u>2 050 000</u>

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse med heimel i punkt 3 i reglement for hovudutvalet.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tilskotet vert dekket med disponible midlar.

**Klima:** Skogen si rolle for å nå klimamåla er stadig viktigare. Gjennom rullering av meldinga aukar ein kunnskapen og kan sette inn gode tiltak med stort potensiale for klimagevinst.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ei rullert Kystskogmelding kan vere eit viktig kunnskapsgrunnlag i oppfølging av mellom anna klimatiltak og landbrukstiltak i oppfølginga av utviklingsplan og dei regionale planane.

Erfaringane med Kystskogbruket viser at samarbeidet har bidratt til resultat utover det fylka kunne oppnådd ved å stå kvar for seg. Dette blir synleggjort mellom anna ved at det blir sett av statlege kystskogmidlar og at det er blitt realisert fleire større infrastruktursatsingar, mellom anna knytt til tømmerkaier.

Fylkeskommunane som regional utviklingsaktør har fått eit heilskapleg ansvar for regional nærings- og samfunnsutvikling. Gjennom regionreforma har denne rolla blitt enno tydelegare på landbruksområdet, mellom anna gjennom at forvaltningsansvaret for Kystskogmidlane ble overført frå Landbruksdirektoratet til fylkeskommunane. Gjennom samarbeidet med andre fylker rustar Vestland fylkeskommune seg til å kunne ta ei tydelegare rolle når det gjeld næringsutvikling knytt til skog og bruk av tre.

Behovet for ei rullering av kystskogmeldinga blir tydeleggjort gjennom at skogane si rolle for å kunne nå klimamåla blir stadig viktigare. I sist rapport frå FN sitt klimapanel (IPCC, 2019) blir det teikna eit svært alvorleg bilete, samtidig som det blir peika på at dei verste konsekvensane knytt til global oppvarming framleis kan reverserast. I dette biletet blir skogen sitt potensial til lagring og binding av CO<sub>2</sub> gitt stor plass. Ifølge klimapanelet er potensialet for binding av CO<sub>2</sub> gjennom biomasseproduksjon stort.

Også i regjeringa sin strategi *Skog- og trenæringa- ein drivar for grøn omstilling* (2019) blir framtidsskogen sitt klimapotensial gitt ei sentral rolle i arbeidet med å oppfylle Noregs sine klimaforpliktingar gjennom Parisavtalen og FN sine berekraftmål, og som ein tilretteleggar for ei grøn omstilling av norsk økonomi. Nyttar vi moglegheitene som ligg i skogressursane, vil desse kunne gje eit viktig bidrag til ei berekraftig samfunnsutvikling, grøn omstilling av økonomien og nye lønsame arbeidsplassar.

Styringsgruppa for FOP ynskjer difor at klima som innsatsområde blir enno meir tydeleggjort gjennom at det blir utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag med fokus på FN sine berekraftmål.

Skogbruket er ei sentral næring i utviklinga av bioøkonomien, og i realiseringa av det grønne skiftet. Skal potensialet i bioøkonomien bli tatt ut, fordrar dette ei berekraftig forvaltning og oppbygging av biomasseressursane saman med utvikling av ny teknologi. I tillegg til dagens «behov», må vi regne med at det i framtida vil vere ein stor etterspørselsauke knytt til nye bruksområde av skogråstoffet, utvikla gjennom innovasjon, og FoU med klimaet som drivande kraft.

Dersom målet om ei firedobling av verdiskapinga formulert gjennom nasjonal strategi for skog og tre SKOG22 og Melding om Kystskogbruket 2015, skal bli nådd, må ein større del av skogråstoffet gå til meir nisjebaserte produksjonar med høgare sluttpris og lågare klimaavtrykk.

Ei rullering av Kystskogmeldinga vil også være eit viktig signal til Staten, og dei øvrige aktørane i jordbruksoppgjøret om at det framleis blir satsa målretta og framtidretta i kystskogfylka.

For Vestland sin del bør vi jobbe meir med å trekke arbeidet og erfaringane i Kystskogbruket ned på eit regionalt nivå i Vestland, slik at næringa i Vestland får enno betre nytte av arbeidet i det nasjonale samarbeidet. Vestland har eit stort potensiale for auka avverking og nye bruksmåtar for skogråstoffet. Her er store kvanta hogstmoden skog etter den store skogreisingsperioden på 60-talet. Administrasjonen vil legge vekt på eit tettare samarbeid med næring og fylkesmannen i Vestland.

FOP har signalisert ei enklare rullering enn sist gong, og tydeleggjering av mål og prioriteringar. Dette støttar fylkesdirektøren. Vi ynsker ei fagleg sterk melding, men det må vere eit dokument som er meir praktisk retta og tydelegare på tiltak og måloppnåing enn den meldinga som ligg føre i dag. Dette ynskjer vi å følgje opp i det administrative nettverket i Kystskogbruket.

#### Konklusjon

Kystskogmeldinga er eit viktig strategidokument for samarbeidet i Kystskogbruket. Arbeidet er viktig både med tanke på klima, og næringsutvikling knytt til å ta ut meir av det store potensiale som ligg i skogane i Vestland.

Fylkesdirektøren rår til at Vestland fylkeskommune støttar ei rullering av Melding om Kystskogbruket og fullfinansiering av arbeidet i fylkeskommunalt oppfølgingsprogram i 2021 og set av dei naudsynte midlane til dette.

Vi rår til at det blir sett av eit tilskot på kr. 250 000, som vert dekkja av avsette midlar til distrikts- og lokalsamfunnsutvikling i innovasjon og næring sitt budsjett for 2020.